

Til offentlege styresmakter og interesseorganisasjonar

ADRESSE COWI AS
Kvaløygata 3
5537 Haugesund
TLF +47 02694
WWW cowi.no

DATO 20. mars 2026
SIDE 1/4
REF AAAE
OPPDAGSNR A269108


Varsel om oppstart av endring av reguleringsplan for Stad skipstunnel, planid 2022010

Bakgrunn

I samsvar med §§ 12-3 og 12-8 i plan- og bygningslova (pbl.) vert det med dette varsla oppstart av arbeid med endring av tre detaljreguleringsplanar i Stad kommune, der føremålet med planarbeida er å justere nokre av dei planlagde løysingane for utbygging av Stad skipstunnel.

Aktuelle reguleringsplanar som er føremål for reguleringsendring og som bør sjåast i samanheng:

Stad skipstunnel	(planid. 2022010)
Lesto næringsområde	(planid. 2022014)
Kjøde næringsområde	(planid. 2022013)



Kystverket er forslagsstillar og ansvarleg for planarbeidet, i samarbeid med Stad kommune, jf. pbl. § 3-7. COWI AS er forslagsstillar sin konsulent.

Dei tre gjeldande reguleringsplanane i området gjev samla ei heilskapleg løysing og legg til rette for utbygginga av skipstunnelen med mellom anna tilhøyrande anlegg, anleggstunnel, nytt næringsområde i Moldefjorden og større hamneareal med bruk av massar som vert tekne ut ved bygginga av tunnelen.

Den planlagde skipstunnelen ligg i Stad kommune, heilt nord i Vestland fylke, og grensar til Vanylven kommune i Møre og Romsdal. Tunnelen er planlagt ført mellom Kjødspollen i aust og Moldefjorden i vest, ved den smalaste delen av Stadlandet.

Målet med prosjektet er å sikre tryggare seglas, og meir føreseieleg regularitet for skipstrafikken forbi Stad.

Føremålet med planarbeida


Føremålet med desse planendringane er i hovudsak å leggje til rette for alternative løysingar for plassering av tunnelmassar og matjord, og justering av gang- og sykkelveg til tursti.

Stad skipstunnel, planid. 2022010


Sist vedteken 24.10.2024

Området er i dag regulert til sjølve tunnelen, portalane, tilhøyrande sideareal, anleggsområde og anleggstunnel. Planen gjev hamneareal og småbåthamn, og det er opna for fritids- og turistføremål i tillegg til vegutbetring.

Endringane vil leggje til rette for mogleg auka massedeponi i sjøen, sør for tunnelinngangen på Moldefjordsida. I tillegg vert det mellom anna lagd opp til å innarbeide allereie godkjente endringar frå administrativt endringsvedtak, utvide plangrensa i sjøen mot sør og vest, utvide plangrensa noko på land mot sør, auka potensial for større fyllingsvolum og med det utviding av planlagt fylling, tilrettelegging for alternativ anleggstunnel og endring av gang- og sykkelveg over portal i Kjødspollen til sti.



Figuren over viser omriss av gjeldende reguleringsplan på Moldefjordsida med raud stipla linje, og forslag til ny, utvida plangrense er vist med svart farge. Figuren under viser same tilhøve på Kjødspollensida



Lenke til gjeldande reguleringsplan for Stad skipstunnel:

<https://arealplaner.no/stad4649/arealplaner/271>

Lenke til gjeldande reguleringsplan for Kjøde næringsområde:

<https://arealplaner.no/stad4649/arealplaner/274>

Lenke til gjeldande reguleringsplan for Lesto næringsområde:

<https://arealplaner.no/stad4649/arealplaner/275>

Vurdering av krav om konsekvensutgreiing

Det er vurdert at planarbeidet ikkje utløyser krav om nye konsekvensutgreiingar for forhold som allereie har blitt avklarte i tidlegare reguleringsplanprosessar, jf. forskrift om konsekvensutgreiingar § 6 første ledd bokstav b og § 8 første ledd bokstav a. Grunngevinga er at dei areala som vert omfatta av endringane i stor grad allereie har blitt vurderte i samband med utarbeiding av gjeldande reguleringsplanar.

Det er likevel vurdert at det er behov for nokre tilleggsutgreiingar for å avklare verknadene av dei nye tiltaka som følgjer av planendringane. Dette gjeld mellom anna: supplerande geotekniske undersøkingar og skredvurderingar for utvida sjøfyllingar, utgreiing av støykonsekvensar av utvida anleggsområde, vurdering av marin natur og marint vassmiljø, inklusive påverknad av undervass-støy, vurdering av terrestrisk natur og botndyr i bekk og økosystemtenester og vurdering av landskapsverknader. I tillegg kjem dei ordinære vurderingane for reguleringsplanarbeid som mellom anna er knytt til friluftsliv, vurdering av verknader for matjord/landbruk og kulturmiljø og kulturminne.

Innspel og merknader

Det er berre endringane som følgjer av dette planarbeidet, og verknadene av desse som er gjenstand for vidare sakshandsaming. Forhold som allereie er avklarte og vedtekne i dei tre gjeldande reguleringsplanane, og som ikkje vert omfatta av endringane, vil ikkje vere gjenstand for ny høyring. Dei vert ståande slik dei allereie er godkjente.

Meir informasjon ligg på heimesida til kommunen

<https://stad.kommune.no/politikk-og-organisasjon/innsyn/kunngjeringar/>

Eventuelle spørsmål om planarbeidet kan rettast til COWI AS v/Espen Viddal, tlf. 901 77 104, e-post: esvi@cowi.com

Eventuelle innspel og merknader til varsel om oppstart av reguleringsendringane skal sendast på e-post til aaae@cowi.com, eller som brev til COWI AS v/Åse Aleheim, Kvaløygata 3, 5537 Haugesund, **innan søndag 10. mai 2026**. Merk innsendinga med kva plan uttalen gjeld.

Det er til orientering sendt varslingsbrev til grunneigarar, naboar og interessegrupper, og saka vert annonsert i lokalavisa Fjordenes Tidende.